Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28 0-8. | Fylke: Nordl.

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Vega

Emne: Drikk til maten til kvardags | Bygdelag: Vika

Oppskr. av: N. Alexandersen | Gard: Nergarden

(adresse): Vikasjøen | G.nr. 16 Br.nr. 8

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Før i tidi vart mjølka mjølk, „ferskmjølk" dei kalla, helst set på hyllå i stova så ho skulle tjukne. Dette vart kalla „filo". No et folk mindre tjukkmjølk, brukar den helst fersk og tenn attåt maten åt borni. Tenn mjølk i kosthaldet har auka, og tjukkmjølk i kosthaldet har minka.

2. No og til

3. Saup hadde ein saman med vatn. Det var „saupbleijonnd". Det var vanleg og er det enno. Brukest helst i høyonni og bereist ut til onnefolki i spann.

Skyr kenne og brukes som drykk. Det var helst fiskarane som bruka det. Når dei for til været (fiskeværet) om måndagen hadde dei med seg ein full dall med rennmjølk (mjølk der rjomen var fløytt av). Den mjølki i dallen vart snart sur og av den drakk dei attåt maten borte på sjøen og når dei kom til lands.

Folk som hadde lite mjølk, bruka helst „syrd" som var koka av mjølk. Den blanda dei med vatn og hadde på

6039

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2

ein kaggi som dei drakk av når dei var på sjøen. Den kaggen kalla dei „båtskaggen". Dei sette spanset for munnen og drakk. Slik. Slik drykk vart og bruka i høyonni. Slik mjølkesyra brukes ikkje lenger.

4. Heilt til 1910–14. Kalla det øl. Det vart bryggja til høyonni og til jul.

5. Kring 1840 åri. Mest til visse høgtider, som jul, brudlaup og gravøl.

6. Kring 1860 åri.

7. Vanleg 3 gonger.

8 Kokar kaffen på kaffekjelen. Når kaffen „kokast" ~~k~~ (vil koke over) let ein molen kaffe på. Det står ei stund og så er kaffen ferdig. Trekk-kaffe kan og brukes. Nei, korkje salt eller eggeskal; men klåreskinn vart bruka før i tidi. Dei hadde skinnet av tørrfisk oppi kaffekjelen, for å få kaffen klår.
Ein spår ofte i „kaffegruggen", dei kallar. Nei.

9. Før i tidi vart helst bruka kandis (brunsukker); så vart det bruka „kløftsukker" av sukkertoppar. Deinare kom då tablettar i bruk.

10 Fløyte eller mjølk er bruka. Ikkje anna.

11 Nei, Ja nemi ~~tider~~ gonger av karve.

12 På Lofot-ferdene var det alltid brennevin. Skulle ta seg ein „støyt" av og til for å halda varmen. Heller vart det lite og ikkje bruka til kvardags.

13 Nei.

6039

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING